

Dikt og utdrag fra dagboken til

Olav H. Hauge

Tonesatt av

Glenn Erik Haugland

&

Held Tronsmo (Me sigler ikkje same havet & Din veg)

Heidi Tronsmo

Sang og klarinett

Erling Wollestad

Opplesning og trompet

Glenn Erik Haugland

Datamaskin, melodika og saksofon

Støttet av

Hauge Tveitt jubileet 08

Norsk Komponistforening

Stor takk til Galleri Oz

Eg vakna i dag òg

Søndag 26.10.2008



Konsert med tekster av Olav H. Hauge

**galleri
OZ**

Kor lenge har du sove?

Dette vågar du,
slå augo opp
og sjå deg ikking?
Jau, du er her,
her i denne verdi,
du drøymer ikkje,
ho er slik du
ser henne, tingi her
er slik.
Slik?
Ja, nett slik,
ikkje onnorleis.
Kor lenge har du sove?

Sju vindar

Sju vindar, sju vindar
sula og song.
Sju vindar, sju vindar
fann himmelen trong.

Sju vindar, sju vindar
møttest i kast.
Då vart det runddans,
då rauk det kvast!

Sju vindar, sju vindar
skilde lag.
Og alle vindar
sov i dag.

Hald på med ditt

Hald på med ditt
Um du står eller går
Um du sov eller et
Um du ligg eller sit
Hald på med ditt
Sjå deg snitt til ein vri
Anten natt eller dag
Går du baut yver stag
Hald på med ditt
pugg ord plugg skor
Hald på med ditt
um det skin eller snør
bles frå nord eller sør
erg eir
skit bek
bank leir

Spør vinden

Spør vinden
helst han tusul.
Han fer vide,
og kjem oftast att
med godt svar.

Eg siktar litt yver

Ein pil som skal råka, kan ikkje gjera
mange krokar. Men ein god skyttar
reknar med fråstanden og vindan.
So når eg siktar på deg, siktar eg litt yver.

Ein havmåse

Ein havmåse var du
og at du skulle enda slik.
Dei andre lettar i stormen.
Du stend at på eit skjer og skrik.

Din veg

Ingen har varda den vegen
du skal gå
ut i det ukjende
ut i det blå.

Dette er din veg.
Berre du
skal gå han. Og det er
uråd å snu.

Og ikkje vardar du vegen,
du hell.

Og vinden stryk ut ditt far
i aude fjell.

Me sigler ikkje same havet

Me sigler ikkje same havet,
endå det ser so ut.
Grovt timber og jarn på dekk,
sand og sement i romet,
djupt ligg eg, seiint sig eg,
stampar i broddsjø,
uler i skodde,
Di sigler i ein papirbåt,
og draumen ber det blå seglet,
so linn er vinden, so var er bylgja.

Kom ikkje med heile sanningi

Kom ikkje med heile sanningi,
kom ikkje med havet for min torste,
kom ikkje med himmelen når eg ber um ljós,
men kom med ein glimt, ei dogg, eit fjom,
slik fuglane ber med seg vassdropar frå
lauget
og vindan eit korn av salt.

Det er ikkje ho

Det er ikkje ho som klagar med blødande
munn,
ho har funne seg ein annan,
det er songen, det er han som
kjem og klagar –
i di siste stund.

Og eg var sorg

Og eg var sorg og heldt til i ei hole.
Og eg var ovmod og bygde altum stjernone.
No byggjer eg i nærmaste treet,
og um morgonen når eg vaknar,
trær fura gull på náli.